

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for oppvekst og omsorg  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtedato:** 30.11.2004 **Tid:** 15.00-18.50

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 6 , inkl. 0 varamenn:

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Thomas Moss	ingen

**Andre som var tilstade på møtet:** Ass.adm.sjef Våge

**Merknader:** Magda Haugen var ugild i sak 15/04

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 3. desember 2004

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og saklista vart godkjent med tilleggsak 18/04: Ny handsaming – auka timetal i grunnskulen – småskulen.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen vart godkjent

**UTVALET SITT KVARTER:****MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Ass.adm.sjef orienterte utvalet om personal og økonomiutvalet sitt framlegg til vedtak i budsjettet for 2005 innafor skule og barnehagesektoren.

Representantar for foreldra; Jostein Loe, Mette Haugen og Laila Midtun frå Nordbygda SFO og Anita Sævild, Luis Olea frå Gjerde SFO orienterte utvalet om sitt syn på tilbodet.

I tillegg var rektor frå begge skulane og ordførar til stades.

Det vart sett ned ei arbeids gruppe med to foreldrerepr, 1 rektor og ass.adm.sjef . Gruppa skal leggje fram ei tilråding til kommunestyret den 20. des. på SFO-satsar, påmeldings- og bemanningsnorm.

Geir Markus vart valt til arbeidsgruppa som skal utarbeide høyringsframlegg til fylkesplanen.

Arbeidsgruppa til 100-årsjubileet har ikkje hatt møte, men vert kalla inn til møte av kulturkonsulenten før jul. Historielaget deltek med ein representant.

Notatet vedk. leikeplass på Bjørkheim vart drøfta, og utvalet var samd i at kommunen bør stille tomt til dette føremålet, men ikkje vere ansvarleg for utbygging av tiltaket. Kommunen bør prøve å få andre aktørar til å ta på seg dette tiltaket.

Svein Egil Kvale vert invitert til neste møte for å fortelja om arbeidet med slektsoga for Samnanger.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0015/04	03/00410 <b>VEGNAMN I SAMNANGER - ETABLERING</b>
0016/04	04/00443 <b>VEDTEKTER - KULTURPRIS.</b>
0017/04	04/00446 <b>SØKNAD OM STØTTE FRÅ SPELEMIDLANE .</b>
0018/04	04/00052 <b>NY HANDSAMING - AUKA TIMETAL I GRUNNSKULEN - SMÅSKULETRINN.</b>

0015/04

## **VEGNAMN I SAMNANGER - ETABLERING**

### **Framlegg til vedtak::**

#### **Handsaming i møte:**

Magda Haugen stilte spørsmål om ho var ugild i handsaminga. Ho vart samrøystes funnen ugild, og gjekk i frå.

Fellesframlegg: Nils Gåsdal vert valt i arbeidsgruppa og Liv Berit Khadoor vert valt som vara i utvalet som skal arbeide med vegnamn i Samnanger.

Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Nils Gåsdal vert valt i arbeidsgruppa og Liv Berit Khadoor vert valt som vara i utvalet som skal arbeide med vegnamn i Samnanger.

0016/04

## **VEDTEKTER - KULTURPRIS.**

### **Framlegg til vedtak::**

Saka vert lagt fram til drøfting i utvalet.

#### **Handsaming i møte:**

Framlegget til nye vedtekter vert gjort gjeldande for tildeling av kulturprisen for Samnanger kommune.

Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Framlegget til nye vedtekter vert gjort gjeldande for tildeling av kulturprisen for Samnanger kommune.

0017/04

## **SØKNAD OM STØTTE FRÅ SPELEMIDLANE .**

### **Framlegg til vedtak::**

1. Rehabilitering av symjebasseng ved Samnanger ungdomssule
2. Elektronisk skiveanlegg ved miniatyrskyttebane
3. Ballbingar ved Samnanger ungdomsskule og Gjerde skule
4. Alpinanlegg i Eikedalen Skisenter (to søknader)

**Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

1. Rehabilitering av symjebasseng ved Samnanger ungdomssule
2. Elektronisk skiveanlegg ved miniatyrskyttebane
3. Ballbingar ved Samnanger ungdomsskule og Gjerde skule
4. Alpinanlegg i Eikedalen Skisenter (to søknader)

0018/04

**NY HANDSAMING - AUKA TIMETAL I GRUNNSKULEN - SMÅSKULETRINN.****Framlegg til vedtak::**

Oppvekst og omsorg opphevar tidlegare vedtak 06/04 og utsett oppstart av auka timetal i grunnskulen til skuleåret 2005/06. 1.-4. klasse skal ha 6 timar i 4 dagar =24 timar pr veke i 2005-2006. Dei går på skulen man-,tys-,tors- og fredag.

5.-7. klasse skal ha 27 timar. dvs 4 heile dagar og ein halv dag på skulen. Dei går på skulen måndag, tysdag, onsdag (3 timar) torsdag og fredag.

Dersom det ikkje vert ytterlegare timetalsauke frå hausten 2006 vert timetalet justert med 10 minuttar lengre pausar kvar dag for 1.-4. klasse og eit timetal på 23 timar pr veke.

**Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Oppvekst og omsorg opphevar tidlegare vedtak 06/04 og utsett oppstart av auka timetal i grunnskulen til skuleåret 2005/06. 1.-4. klasse skal ha 6 timar i 4 dagar =24 timar pr veke i 2005-2006. Dei går på skulen man-,tys-,tors- og fredag.

5.-7. klasse skal ha 27 timar. dvs 4 heile dagar og ein halv dag på skulen. Dei går på skulen måndag, tysdag, onsdag (3 timar) torsdag og fredag.

Dersom det ikkje vert ytterlegare timetalsauke frå hausten 2006 vert timetalet justert med 10 minuttar lengre pausar kvar dag for 1.-4. klasse og eit timetal på 23 timar pr veke.